



Klubbhåndbok

Klubbhåndboka er Stord Fotball sitt arbeidsverktøy for arbeidet i klubben, og gir ein god oversikt over organisasjonen og regelverk som klubben fylgjer. Styret i klubben har ansvar for at klubbhåndboka vert oppdatert ved endringar i drifta. Håndboka skal vera eit godt informasjonsverktøy for nye medlemmer i klubben.

Innhaldsliste

KLUBBINFORMASJON	3
KLUBBENS VISJON & VERDIAR.....	4
KLUBBENS LOVER / REGLEMENT.....	5
KLUBBENS ORGANISERING.....	5
ÅRSMØTET.....	6
KONTROLLUTVALET.....	6
VALKOMITEEN	6
STYRET	6
STYRELEIAR.....	7
NESTLEIAR	7
STYREMEDLEM	7
VARAMEDLEM	7
DAGLEG LEIAR	8
SPORTSLEG UTVAL.....	8
Fokusområde (oppgåver):	9
MØTER M.V.	10
SPORTSLEG LEIAR UNGDOM & BARN.....	10
SPORTSLEG LEIAR SENIOR DAMER	11
SPORTLEG LEIAR SENIOR HERRER	11
SPELARUTVIKLAR – GUTAR.....	11
SPELARUTVIKLAR – JENTER	12
LAGETS ORGANISERING.....	12
TRENAREN	12
LAGLEIAREN (OPPMANN).....	12
ØKONOMIANSVARLEG (evt. LAGLEIAR)	13
KLUBBENS MATERIELL/DRAKTAR.....	13
DOMMARAR	14
POLITIATTESTAR	15
SESONGPLANLEGGING og KAMPAVVIKLING	16
MEDLEMSAVGIFT, KONTINGENT, FORSIKRING	18
KLUBBHUS, ANLEGG, BUSS.....	18
PROSJEKTA VÅRE	19
PUTTEFESTIVALEN	20
ØKONOMI.....	21
INFORMASJON / KOMMUNIKASJON	23

REKRUTTERING	24
UTDANNING / KOMPETANSE	25
ÅRSHJUL / AKTIVITETSKALENDER	25
UTMERKINGAR	26

KLUBBINFORMASJON

Stord Fotball er ein del av allianseidrettslaget Stord Idrettslag, der og Stord Orientering og Stord Symjing er eigne organisasjonar i alliansen. Alle desse gruppene er sjølvstendige juridiske einingar med eigne styrer og rekneskap.

Stord Fotball vart stifta i 1918.

Stord Fotball har klubbkontor på Vikahaugen 17, Roger Matre er tilsett som dagleg leiar.

Postadresse: Stord Fotball
 Postboks 619
 5403 Stord

E-post: post@stordfotball.no

Heimeside: www.stordfotball.no

Tlf.Kontor: 40 46 62 06

Draktfarge: Kvit & svart

Klubbnummer: 12210263

KLUBBENS VISJON & VERDIAR

Stord Fotball sin visjon er nedfelt i mottoet «**Breidde og Topp**».

Stord Fotball har ambisjonar om å vera ein viktig del av idretts- og kulturlivet i Stord kommune og har følgjande verdiar som skal vera førande for aktivitetane våre.

- ❖ Venskap
- ❖ Identitet
- ❖ Nærleik
- ❖ Kvalitet
- ❖ Utvikling

Stord Fotball har som mål å gi eit tilbod til alle som ynskjer å spela fotball, og medverka til at barn og ungdom utviklar gode haldningar basert på gjensidig respekt både på og utanfor fotballbanen.

I barnefotballen ynskjer me å gi barna ei positiv oppleveling av meistring saman med vener i eit trygt og kjent miljø.

For ungdomsfotballen ynskjer me å gi eit variert tilbod til alle, med mål om at fotballen vil vera ein arena der både det sosiale og sportslege er motivasjon for å drive fysisk aktivitet. Ein kombinasjon av lagsspel og individuell utvikling der god helse og fysiske ferdigheter i sunn konkurranse med jamaldrande er berekrafa.

Stord Fotball har i tillegg eit mål om å gi eit tilpassa tilbod til dei som har lyst til å trenere meir. Dette gjer me gjennom betre opplæring av trenrarar, langleiarar, dommarar og styremedlemmer. Gjennom motivasjons- og spelarutviklingstiltak for barn og ungdom i «Akedemiet», «Talentskulen» og «Jenteløftet», samt «FFO – (Fritidsordninga)» for dei yngste, ynskjer me å gi eit tilbod med høg kvalitet til både medlemmer i Stord Fotball og også andre klubbar i regionen.

Stord Fotball har lagt ein bevisst framtidig strategi når det gjeld rekruttering til seniorlaga for herre- og damefotball med fokus på ein balansert kombinasjon av eigenutvikling, og tilføring av nye spelarar frå andre klubbar. Me har som mål at kvalitet og satsing på sportsleg utvikling vil gjere Stord Fotball til ein attraktiv arena og førstevalet for motiverte og treningsviljuge fotballspelarar i regionen.

KLUBBENS LOVER / REGLEMENT


Stord Fotball følger Stord Idrettslag sine vedtekter som følger NIF sine retningslinjer.

Desse vedtekten finn du på denne linken www.stordil.no under menypunktet Vedtekter.

KLUBBENS ORGANISERING



Organisasjonskart
Stord Fotball



ÅRSMØTET

Årsmøtet er Fotballgruppas høgaste myndigkeit og skal haldast ein gong i året før utgongen av mars månad. Det er styret i Fotballgruppa som innkallar medlemmene sine til årsmøtet i.h.h.t. vedtekten til Stord Idrettslag.

www.stordil.no

KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er valt av årsmøtet og deira oppgåve er å sjå til at vedtak gjort i klubben fylgjer lover/vedtekter. Gjennom året vil medlemmene i kontrollutvalet få tilsendt styremøte referata etter at desse er godkjent av styret. Det vil då bli oppmoda om at ein tek kontakt med styret dersom ein treng utfyllande informasjon til vedtaka som er gjort i styremøtet. I slutten av november månad vert det satt opp møte med økonomiansvarleg og kontrollutvalet for ein gjennomgang og oppsummering av året så langt. Når så regnskapet for året er klart i januar/februar etter årsslutt, vert det eit nytt møte med økonomi ansvarleg for ein siste gjennomgang. Kontrollutvalet sin rapport skal så utarbeidast og vert avlagt på årsmøtet.

VALKOMITEEN

Valkomiteen er valt av årsmøtet og deira oppgåve er å legga fram innstilling på kandidatar til alle andre tillitsverv som skal veljast på årsmøtet. Valkomiteen startar seinast i november månad avklaring mot sitjande styret om kven som vert med vidare av dei som er på val. Då får ein kartlagt kva som er behovet av nye kandidatar til styret. I desember/januar startar jobben med å liste opp moglege kandidatar og kontakte dei ein så har kartlagt til dei ulike verva. Målet til valkomiteen er å ha nytt styre klart 1 mnd før årsmøtet, som vert avholdt ca midten av mars.

STYRET

Styret i Stord Fotball er valt av årsmøtet og er lagets øvste organ. Styret har ansvar for alle aktivitetar og oppgåver i klubbens regi. Styret skal sikra at drifta av klubben vert utøvd på ein tilfredsstillande måte. Dei skal sikra at klubben sine midlar vert forvalta og brukt på ein forsiktig måte i samsvar med vedtak på årsmøtet, eller i overordna organisasjonsledd.

Styret har hovudansvaret for økonomien i klubben med fortløpende økonomioppfølging og fastsetjing av årsresultat. Styret er ansvarleg for å vedta årleg budsjett for klubben.

Styret skal opprette komitear/utval/personar for spesielle oppgåver og mandat/instruks for desse. Styret skal utnemne ein ansvarleg for politiattestar.

Ansvar for Kvalitetsklubb og Fair Play skal ligge i styret.

Styret representerer gruppa utad.

STYRELEIAR

- Overordna ansvar for mål – og strategiarbeid i klubben – inkludert visjon & verdiar
- Forbereder og leiar styremøta
- Leiar skal halda seg løpende orientert om aktiviteten i klubben og ha jevnleg kontakt med dagleg leiar
- Forbereder og planlegg årsmøtet
- Gruppa sin kontaktperson utad
- Fordeler oppgåver til styremedlemmene

NESTLEIAR

- Stedfortredar for leiar
- Skal vera styret sin sekretær
- Ansvar for å kalle inn til styremøter og skrive referat frå møta
- Er ansvarleg for årsmeldinga til klubben
- Utfører andre oppgåver som blir pålagt i styret

STYREMEDLEM

- Styremedlem vil bli tildelt ulike ansvarsområder, som Fair-Play, Økonomi & Kvalitetsklubbansvarlege m.m.
- Utfører andre oppgåver som blir pålagt i styret

VARAMEDLEM

- Varamedlem til styret skal stille i styremøtet om eit av dei faste styremedlemmene ikkje kan stille i møtet.
- Varamedlem vil motta referat frå styremøta for å vera oppdatert på beslutningar og saker styret arbeider med.
- Varamedlem kan bli innkalt til nokre styremøter der ein arbeider med strategi arbeid


DAGLEG LEIAR

Dagleg leiar i Stord Fotball rapporterer til Styreleiar. Dagleg leiar er ansvarleg for den daglege drifta i fotballgruppa og har personalansvar for tilsette i administrasjonen.

Hovudoppgåvene til dagleg leiar og administrasjonen er følgjande;

- Overordna ansvar for å skaffe Stord Fotball sponsormidlar
- Dagleg økonomioppfølging, følgje opp inn- & utbetalingar, fakturering
- Administrere og styre dei «store» prosjekta til fotballgruppa – Akademiet/Talentskulen/FFO/Jenteløftet og Fotballskular
- Arrangera Puttefestivalen og andre mindre Cupar
- Materialforvalting
- Kommunikasjon – ansvar for heimeside/sosiale medier/Fotballaviser/Lagleiarmøter
- FIKS ansvar og medlemsoversikter

SPORTSLEG UTVAL



Utvalet skal ivareta klubbens etterleving av den sportslege modellen, sportsplanen, og sikre at det sportslege aktivitetsnivået held den kvaliteten som klubben ynskjer. Utvalet skal forholda seg til og overhalde interne og overordna retningslinjer frå NFF.

Sportsleg utval er oppnemnt av styret i Stord Fotball, og medlemmene har ei funksjonstid på minimum 2 år. Hovudutval Sport rapporterer til styret. Utvalet si leiing er satt saman med basis i kompetanse og representativitet. Med kompetanse meiner ein sports fagleg relevant bakgrunn (trener/leder), og representativitet betyr å reflektere klubben sine aktivitetar (jente/gut og ulike aldersgrupperinger).

Utvalet består av 5 personar. Dette er sportsleg leiar ungdom & barn, sportsleg leiar senior damer, og sportsleg leiar senior herrar. Trenar rettleiar/spelarutviklar gutter og spelarutviklar jenter.

Fokusområde (oppgåver):

Hovudutvalet Sport skal følgja opp den fotballfaglege aktiviteten i Stord Fotball – og omfattar blant anna følgjande viktige område:

- Rådgivande organ for styret/trenarar i sportslege spørsmål
- Styret i Stord Fotball ynskjer at sportsleg utval skal bidra til å byggje ein sportsleg sterkt organisasjon med avklarte roller og ansvarsfordeling, samt vera ein premissleverandør med hensyn til strategiske spørsmål innanfor området sport
- Eventuelt utrede moglegheit for lokalt og regionalt klubbsamarbeid
- Endringar og oppdateringar i sportsplanen
- Sportslege prioriteringar i forbindelse med treningsstider (baneplan/treningstidsfordeling), anlegg, trenarar, etc.
- Sportslege prioriteringar av treningsleir, - cup- og turnerings deltaking
- Bidra til kartlegging og utvikling av sportsleg kompetanse i klubben – trenarforum og trenarkurs, i lag med utdanningsansvarleg
- Anbefale for styret kva skoleringsopplegg klubben skal ha innanfor dei ulike utøvar grupperingar, herunder hospiteringar, differensiering og ekstra treningar
- Betre strukturen og oppfølginga av enkeltspelaren som har forutsetningar for å nå langt
- Retningslinjer for rekruttering av spelarar frå andre klubber innanfor dei ulike utøver grupperingane

Hovudutval Sport skal vera tilgjengeleg for styret i Stord Fotball og trenarar/lagleiarar i forhold til sportslege problemstillingar.

MØTER M.V.

Hovudutval Sport skal ha 3-4 faste møter i året (ca. 1. pr kvartal). Ytterleg møteaktivitet avstemmast etter behov meldt inn av styret, administrasjon og klubbens trenarar/leiarar.

Saker av prinsipiell karakter eller med økonomisk konsekvensar må leggjast fram for styret før endeleg avgjersle. Styret kan delegera slike fullmakter til hovudutval Sport innanfor deira ansvarsområde.

Hovudutvalet for sport skal føre referat frå møta sine. Underutvala bør ha minimum 2 møter i løpet av året. Ytterleg møteaktivitet avstemmast etter behov meldt inn av sportsleg utval og klubbens trenarar/leiarar.

SPORTSLEG LEIAR UNGDOM & BARN

- Overordna ansvar for all sportsleg aktivitet frå 6 til 19 år
- Medansvar for oppstart av nye lag i august/september (rekryteringsansvarleg har hovudansvar)
- Hovudansvar for at sportsplanen blir revidert/gjennomgått årleg på hausten
- Har saman med spelarutviklar siste ordet i eventuell hospitering der trenarane ikkje klarar å bli einige
- Har overordna ansvar for å implementera sportsplanen i laga innanfor ansvarsområdet
- Har overordna ansvar for at laga innanfor ansvarsområdet har tilstrekkeleg fagleg kompetanse (Ref. Kvalitetsklubb krav)
- Møter i Hovudutval Sport på vegne av ungdom & barnefotballen

Sportsleg medlem Ungdom & Barn (3-5 medlemmer)

- Aktivt bidra og avlaste sportsleg leiar i utvalet
- Medverke til å implementere sportsplanen innanfor eige område
- Gjennomføre sesongevaluering og planlegge kommande sesong i forhold til trenar, lagleiar osv.

SPORTSLEG LEIAR SENIOR DAMER

- Overordna ansvar for all sportsleg aktivitet i senior damer
- Overordna ansvar for at det etablerast ein kortsiktig og langsiktig plan med mål, visjonar etc. for senior damer
- Har saman med spelarutviklar siste ordet i eventuell hospitering der trenarane ikkje klarar å bli einige
- Har overordna ansvar for at laga innanfor ansvarsområdet har tilstrekkeleg fagleg kompetanse
- Møter i Hovudutval Sport på vegne av damefotballen

Sportsleg medlem Senior Damer (3-5 medlemmer)

- Aktivt bidra og avlaste sportsleg leiar senior damer
- Gjennomføre sesongevaluering og planlegge kommande sesong i forhold til trenar, lagleiar osv.

SPORTLEG LEIAR SENIOR HERRER

- Overordna ansvar for all sportsleg aktivitet i senior herrar
- Overordna ansvar for at det etablerast ein kortsiktig og langsiktig plan med mål, visjonar etc. for senior herrar
- Har saman med spelarutviklar siste ordet i eventuell hospitering der trenarane ikkje klarar å bli einige
- Har overordna ansvar for at laga innanfor ansvarsområdet har tilstrekkeleg fagleg kompetanse
- Møter i Hovudutval Sport på vegne av herrefotballen

Sportsleg medlem Senior Herre (3-5 medlemmer)

- Aktivt bidra og avlaste sportsleg leiar senior herre
- Gjennomføre sesongevaluering og planlegge kommande sesong i forhold til trenar, lagleiar osv.

SPELARUTVIKLAR – GUTAR

- Overordna ansvar for totalbelastning på spelarar som er inne på sone-, krets-, region- og landslag
- Ansvar for innmelding av spelarar til spelarutviklingstiltak i regi av kretsen

- Kontakt med aktuelle lagstrenarar, samt sone-, krets-, region- og landslagstrenarar
- Møter i Hovudutval Sport

SPELARUTVIKLAR – JENTER

- Overordna ansvar for totalbelastning på spelarar som er inne på sone-, krets-, region- og landslag
- Ansvar for innmelding av spelarar til spelarutviklingstiltak i regi av kretsen
- Kontakt med aktuelle lagstrenarar, samt sone-, krets-, region- og landslagstrenarar
- Møter i Hovudutval Sport

LAGETS ORGANISERING

TRENAREN

- Har ansvaret for det sportslege tilbodet
- Lagar treningsopplegg til kvar trening og gjennomføra treningane
- Ta ut lag til kamp og cupar og leia spelarane i kamp
- Gjennomføra spelarsamtalar/-møter
- Følga opp kvar enkelt spelar best mogleg
- Samarbeida med oppmann/lagleiar og trenarteamet for å skapa eit godt miljø i gruppa/laget
- Ta aktuelle trenarkurs
- Ha ansvar for hospitering og kontakt med sportsleg utval/spelar utviklar

LAGLEIAREN (OPPMANN)

- Lagleiaren er lagets administrative leiar og har ansvaret for at alt praktisk fungerer rundt laget.
- Oppdatera lagslistene, og meldar frå om spelarar som byrjar eller sluttar
- Bidra på foreldre møter
- Samarbeida med trenarane
- Ansvarleg for påmelding til cupar
- Skaffe dommar til kamp der det ikkje er sett opp dommar
- Organisera med kampvert ved heimekampar (Fair-Play)

- Ansvarleg for utfylling av elektronisk dommarkort (FIKS), signering og kontroll av kortet etter kamp (Gjeld ungdomslaga 13- 19 år)
- Ansvarleg for flytting av kampar (omberamming), (omberammings skjema ligg på Stord fotball si heimeside)
- Logistikkansvarleg ved bortekampar
- Delta på klubbens trenar- og oppmannsmøter
- Kan organisere kaffe- og kakesal på alle heimekampar
- Samla inn drakter ved sesongslutt, og dela ut ved sesongstart
- Stillar på lagleiarmøter i regi av klubb og Krets
- Følge opp ubetalte avgifter (medlemsavgift/treningsavgift og eigenandelar)

ØKONOMIANSVARLEG (evt. LAGLEIAR)

- Sjå detaljer under ØKONOMI side 20.

Sjå Praktisk info hefte med meir detaljert, informasjon for lagleiari.

<https://www.stordfotball.no/portal/arego/club/241/contentcategory/948545859>

KLUBBENS MATERIELL/DRAKTAR

Ved oppstart av nye lag får kvart lag sitt eige førstehjelppskrin hjå klubben, med nødvendig innhold. Fotballkontoret kan vera behjelpeleg med påfyll.

Draktsett får kvart lag utdelt ved oppstart. Draktsetta skal alle vera oppdatert med logoar ihht. avtalar som er inngått med Stord Fotball. Ved behov for fleire drakter tek ein kontakt med Fotballkontoret. Etter sesongslutt skal draktsetta leverast inn og det skal meldast behov for nye drakter, kor mange og kva størrelsar. Draktsett består av shorts (fra 13 år) og trøye. Alle nye spelarar får eit par sokkar når dei startar i Stord Fotball. I ettertid må dei ordna med sokkar sjølve. Sokkar må kjøpast på fotballkontoret.

Macron er utstyrleverandør for Stord Fotball. Draktar, utstyr etc. blir levert frå Macron. I løpet av sesongen vert det arrangert Macron utsal der ein kan bestilla utstyr. Det vert lagt ut informasjon på heimesida vår med informasjon om dette.

Anna utstyr til laga, sjå info på heimesida.

<https://www.stordfotball.no/portal/arego/club/241/contentcategory/948545859>

DOMMARAR

Rekruttering og oppfølging av dommaren er ei kjerneoppgåve i klubben. Aktivitetane våre er heilt avhengig av at barn og ungdom inspirerast til å bli fotballdommarar. Ein spennande og lærerik aktivitet som dommar gir mange ein verdifull deltaking i vår idrett. For å lykkast med rekruttering og den viktige oppfølgingsfasen, er det viktig at klubben legg godt til rette. Dommaransvarleg er ein viktig tilretteleggjar. Det betyr godt samarbeid med styret og administrasjonen i klubben, ein bevisst rekrutteringsplan og oppfølging gjennom kurs og dommarforum.

Dommaransvarleg har hovudansvaret for at Stord Fotball har nok dommarar i forhold til kor mange fotball lag klubben har. Dette er krav frå kretsen. Han skal legge til rette for dommarkurs og vera vugleiar for våre klubbdommarar i saman med fadder frå kretsen.

Ei viktig oppgåve er å sikre at dommarane har ein naturleg plass i klubbmiljøet på lik linje som spelarane, og å legge til rette for gode trenings moglegheiter for desse gjerne i saman med klubbens lag.

Alle dommarane skal få utdelt dommar utstyr frå klubben, under deira utstyrssavtale.

Link til årshjul for våre Dommarar.

<https://www.stordfotball.no/portal/arego/club/241/contentcategory/948545860>

POLITIATTESTAR

Styret er pliktige til å krevje politiattest av alle tilsette og frivillige som skal utføra oppgåver for Stord Fotball, som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold ovanfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming.

Stord Fotball har vedteke at alle som har roller rundt eit lag skal visa attest, og det er laga rutinar for å innhenta, registrera og følgja opp politiattestar.

Politiattestane er gyldige i 3 år. Det vil bli organisert kveldar der ein kan møta opp og visa politiattestane. Informasjon vil bli sendt ut via lagleiar/trenar.

Slik gjer du for å få dette på plass;

1. Få ein stadfesting på formålet med politiattest frå Politiattest ansvarleg i Stord Fotball, denne skal leggjast ved søknadsskjema for politiattest.
2. I linken vedlagt kjem du inn til det elektroniske søknadsskjemaet og finn i tillegg her informasjon om politiattestar. Her skal skjemaet «formål med politiattest» frå Stord Fotball leggjast ved som vedlegg. Link: <https://www.politi.no/tjenester/politiattest/>
3. Når politiet har behandla søknaden din vil du få tilsendt ein attest. Den skal visast til politiattest ansvarleg, ikkje leverast. Dersom du ynskjer å sende attesten på e-post til politiattest ansvarleg kan det avtalast. Alle e-postar blir sletta etter at denne er registrert motteke.

Politiattest ansvarleg har teieplikt i forhold til dei opplysningane som eventuelt kjem fram.

Personar som ikkje leverer politiattest eller har merknader på attesten, skal ikkje gis oppgåver som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold ovanfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming.

SESONGPLANLEGGING og KAMPAVVIKLING

Sesongplanlegging

Sesongplanlegginga i Stord Fotball skal vera med og sikra at barn & ungdom i klubben får delta med laget sitt på det nivået og i det distriktet (sonen) som høver best for dei. Sportsleg utval sitt barne & ungdomsutval har difor ein god oversikt og god kontakt med lagleiarar/trenarar for dei ulike laga gjennom sesongen, for å planlegge kommande sesong. Gjennom regionsmøter med kretsen har ein fellesmøter med våre naboklubbar for å kartlegga kva lag ein har i sonen og korleis ein best mulig kan få tilrettelagt sesongen med lokale lag, eventuelt kva som er alternativet om det er for få lag til lokal serie. Ut frå desse møta er det Sportsleg Utval B&U som lagar forslaget til påmelding av laga for neste sesong. Stord Fotball føl NFF sine anbefalingar for antal spelarar pr spelarform, som er følgande;

- ❖ 3er fotball: 4–5 spelarar
- ❖ 5er fotball: 7 spelarar
- ❖ 7er fotball: 9 spelarar
- ❖ 9er fotball: 12-14 spelarar
- ❖ 11er fotball: 14-18 spelarar

Etter at sesongen er ferdig for alle barne & ungdomslaga, gjennomfører Sportsleg Utval møte med kvart lag for å ta ei oppsummering på korleis sesongen har vore og kva dei tenkjer om sesongen som kjem. Dette vert oppsummert i referat med aksjonar på ulike ansvarlege, som vert effektuert.

Sportsleg Utval lagar etter desse møta ein oversikt over laga våre, som er ein første oversikt for lagspåmelding for neste sesong. Denne oversikten tek dei så med seg inn i møter med kretsen og naboklubbane slik at ein der kan få eit totalbilde over kva som er mulighetar for sesongen som kjem.

Når «skissa» for laga er klar er det administrasjonen som melder på laga i dei klassane/sonene dei skal spela i.

Kampavvikling

Stord Fotball skal skapa gode rammer rundt alle heimekampane sine og har satt opp retningslinjer for korleis desse skal gjennomførast, både for seriespel og i turneringar dei skal arrangera.

Barn & Ungdom

I barne og ungdomsfotballen skal me ha kampvertar, som gir eit godt utgangspunkt for gode og trygge rammer rundt kampane våre. Stord Fotball sitt mål er at me skal vera ein klubb som viser at Fair Play og gode verdiar er godt integrert i klubben. Fair Play ansvarleg i klubben vil ha opplæring i korleis Kampvertrolla skal skal fungera. Link til kampvertrolla finn du her; under Organisasjon og roller – Lagroller – Heimakampar;

<https://www.stordfotball.no/portal/arego/club/241/contentcategory/948544150>

Dame & Herre

På seniorkampane våre er det arrangementskomiteen som har ansvar for at alle oppgåver vert utført, det gjeld alt frå klargjering før kamp, ta imot gjestande lag, oppfølging under kamp og opprydding etter kampslutt. Det er frivillige vaksne som utfører oppgåvene her, og det blir satt opp dognadslistar som viser kva tid dei ulike vaktlagene skal stilla på dognad.

Under seniorkampane våre har me open kiosk, med eigen kioskansvarleg. Kioskansvarleg vil laga kiosken klar til dognadsgjengen som kjem. Dognadsansvarleg vil sende ut lister med oversikt kor tid det enkelte laget skal på dognad, her ligg det og detaljert informasjon om oppgåvene. Påminning vert sendt ut i forkant av kamp.

Ungdomslaga våre skal hjelpe til under seniorkampane. Det vert sett opp dognadslistar med oversikt over kva lag som har dognadsvakt – som består av kiosksal, billettsal og rydding etter kampslutt.

Barnelag skal ha dognad som ballhentrarar under herre kampane, då desse går på grasbanen. Deira dognad startar med at dei får springa inn i lag med Herrelaget og vil bli presentert før kampstart.

Seniorkampane vil og ha speakertjeneste.

Klubben vil tilstreba å laga ein møteplass for særskilde gjester, deriblant sponsorar, æresmedlemmer m fleire.

MEDLEMSAVGIFT, KONTINGENT, FORSIKRING

Medlemsavgift; alle som er medlem i Stord Fotball må betale ei medlemsavgift til klubben. Det er årsmøtet som fastset denne kontingensten.

I «Praktisk Informasjon» vil ein finne medlemsavgifta som er vedteke på årsmøtet. <https://stordfotball.spoortz.no/kx/resources/files/YZme2ULHccez.pdf>

På årsmøtet mars 2020 vart det vedteke at medlemsavgifta skal setjast av til eit fond som skal nyttast for dei som treng økonomisk støtte for å kunne delta i Stord Fotball.

Treningsavgift vert og fastsett på årsmøtet til klubben.

I «Praktisk Informasjon» vil ein finne oversikt over treningsavgiftene vedteke på årsmøtet. <https://stordfotball.spoortz.no/kx/resources/files/YZme2ULHccez.pdf>

Forsikring er innbakt i treningsavgifta. Sjå informasjon om forsikringsavtale og innmelding ved skade på nettsida vår.

<https://stordfotball.no/portal/arego/club/241/contentcategory/948544110>

KLUBBHUS, ANLEGG, BUSS

Stord Fotball disponerer tre anlegg – Vikahaugane, Langeland og Ås
Det er Stord Kommune som eig banane. I tilknytning til banane på Vikahaugane og Langeland har me garderobebeanlegg. På Vikahaugane finn me den fine nye fotballstova med kjøkken og toalettfasilitetar. I denne 2.etasjen har me og kontor til administrasjonen.

Fotballstova kan me låne til møter og evt. sosiale samlingar med laga våre. Det vil og bli mogleg å leige fotballstova til private arrangement som t.d. konfirmasjonar, evt. anna møteaktivitet for eksterne leidgetakrar.

Leige av Fotballstova – bruk denne linken

<https://stordfotball.no/portal/arego/club/241/contentcategory/948544120>

Stord Fotball har ein Minibuss og ein 8-setar til utleige. Kjekt å leige buss når ein skal avgårde på kamp. Sjå info via denne linken.

<https://stordfotball.no/portal/arego/club/241/contentcategory/948544121>

PROSJEKTA VÅRE

Stord Fotball har etablert 4 prosjekt som skal vera ekstratilbod til våre unge spelarar. Alle prosjekta er styrt av profesjonelle trenarar med god utdanning. Prosjekta følgjer skuleruta i Stord Kommune. Dei dagane/vekene borna har skulefri har me andre tilbod som er ope for alle. Vert annonsert på heimesida vår, på FB og i avis.

FFO - Fritidsordninga

Dette er ei fritidsordning med aktivitetstilbod for gutter og jenter 6 – 9 år som går kvar dag etter skuleslutt. Deltakarane vert henta etter skuleslutt frå skulane Leirvik, Hystad, Langeland og Rommetveit. FFO legg hovedvekt på fysisk aktivitet. TRYGGLEIK + MEISTRING = TRIVSEL. FFO skal vera, og er ein trygg møteplass for borna. Aktivitetane vert tilpassa alder og ferdighetsnivå slik at alle som deltek i aktivitetane skal få godfølelse og oppleve meistring. Det vert servert frukt kvar dag.

<https://stordfotball.no/portal/arego/club/241/contentcategory/948544151>

Subshore Akademiet Talentskule

Dette er eit ekstra treningstilbod for gutter og jenter i Sunnhordlandsregionen. Dette tilbodet er for aldersgruppa 10 – 16 år. Det vert delt inn i 2 grupper etter alder, 10 – 12 åringane er saman og 13-16 åringane er saman. Deltakarane gjennomfører 2 treningar pr veke. Det vert servert brødmat før kvar trening. Ein må sende inn søknad for å få plass i dette prosjektet.

<https://stordfotball.no/portal/arego/club/241/contentcategory/948544278>

Subshore Akademiet Jenteløftet

Dette er eit ekstra treningstilbod for jenter i alderen 7 – 10 år, for Leirvik-, Langeland-, Hystad- og Rommetveit skule. Tilbodet er starta for å gi dei jentene som ynskjer å trena meir moglegheten til det. Det er ikkje opptakskrav til dette tilbodet, her er det først til mølla prinsippet som rår. Det vert servert frukt før kvar trening. <https://stordfotball.no/portal/arego/club/241/contentcategory/948544413>

PUTTEFESTIVALEN

Vert arrangert på Vikahaugane i slutten av august kvart år. Festivalen går over 2 dagar – laurdag og søndag. Her vert det invitert lag frå Sunnhordlandsdistriktet, Bergen regionen og Haugesunds regionen. Me tilbyr overnatting på skule og i tillegg til kampar har me fleire ulike aktivitetar ein kan delta på. Festivalen er eit tilbod til aldersgruppa 6 – 11 år. <http://www.puttefestivalen.no/index.html>

For å drive ein så stor festival er det pålagt dugnad for alle foreldre denne helga. Det er pålagt 5 t dugnad pr yngste barn, skal ein kome i havn med eit slikt arrangement.

ANDRE CUP'AR & AKTIVITETAR

Gjennom året vert det arrangert fleire mindre cupar, spesielt for dei yngste laga, og i romjula arrangeres den tradisjonelle Romjulscupen for vaksne.

Arrangerer Fotballskule – i vinterferie, sommarferie, seinsommar og haustferie. Arrangerer Sommarklubb med ulike aktivitetar.

AllME Prosjektet - Klubbsamarbeid

Dette er eit nytt samarbeidsprosjekt på tvers av klubbene Stord, Solid og Trott. Arbeidet har som utgangspunkt å jobbe langsiktig med å få fleire til å ha eit langt liv i fotballen og hindre fråfall, anten som spelarar, dommarar, trenrarar, lagleiarar og andre frivillige. Ein jobbar med tiltak inn mot ulike aldersgrupper, men har i hovudsak merksemd på barn og unge.

Prosjektet har jobba med ulike aktivitetar som til dømes fotballdagar, trenarseminar, inspirasjonskveld, keepertrening, dommarsamling, tur til Brannkamp og ungdomscup.

Dei lokale sponsorar og samarbeidspartnerane Subshore, Alltec, Leirvik, Sparebanken Vest, Haugaland Kraft og Aker Solutions er viktige bidragsytarar saman med Trond Mohn.

ØKONOMI

Stord Fotball sin overordna økonomistrategi er at drift og investeringar skal vera sjølvfinansiert gjennom kontingenter, eigenandeler, sponsorinntekter, tilskot og andre inntektsbringande tiltak som loddsal, dugnader, kiosksal og turneringsarrangement.

Stord Fotball føl NFF sine retningslinjer for god økonomistyring.

Styret i Stord Fotball er hovudansvarleg for økonomistyringa i klubben. Styret har ein økonomiansvarleg som skal leggja til rette for og følgja opp økonomien gjennom året. Han/ho skal til saman med styret og representantar for utvalet etablera budsjett for nytt driftsår, samt leggja dette fram for styret for godkjenning. Økonomiansvarleg i styret skal også følgje opp resultat mot budsjett og rapportere status til styret regelmessig (kvartalsvis). Rekneskapet følgjer kalenderåret og føres etter kontantprinsippet. Ved årets slutt skal det utarbeidast fullt årsrekneskap med beretning som vert revidert av statsautorisert revisor, og som skal godkjennast i både styremøte og på årsmøtet. Årsrekneskapet skal rapporterast i hovudlaget sitt rekneskap og godkjennast i deira årsmøte.

Rekneskapet vert ført iht. gjeldande rekneskapslov og god rekneskapsskikk av rekneskapsbyrå, per d.d. ECIT AS på Stord.

Rekneskapssekretæren i klubben har ansvar for:

- ❖ Daglig oppfølging av faktura og inn- og utbetalinger i klubben i samarbeid med øvrige ansatte i klubben og i samarbeid med rekneskapsførar
- ❖ Kontakt med reknskap byrået for meir jevnleg oppfølging av rekneskapsføringen
- ❖ Assistanse og rettleiing til kasserarane for kvart lag.

Kasserar for dei enkelte laga (lagleiar):

- ❖ Oppfølging av lagsrekneskap iht. til retningslinjer fra klubben.
- ❖ Kontering og rapportering av lagsrekneskap vidare til Rekneskapssekretæren og/eller rekneskapsførar iht. retningslinjer.

Månadleg rapportering. Det blir brukt eigne skjema for rekneskapsføring/rapportering, og alle bilag/fakturaer skal liggja vedlagt. Frist for innlevering er 2 veker etter månadsslutt.

- ❖ Kvart lag etablerer reisebudsjett for kommande sesong. Innlevering av plan i desember.
- ❖ Kvart lag har eigen bankkonto som vert oppretta av Rekneskapssekretær, i klubben sin bank, som i dag er Sparebanken Vest. Laget må senda inn informasjon på den personen som skal ha ansvar for konto og rekneskap for laget. Det skal aldri bruka private bankkonti tilhøyrande styremedlemmer, lagleiarar, trenrarar eller foresatte.
- ❖ Utbetaling av reisekostnader skjer etter dokumenterte utgifter frå laget.
- ❖ Kostnader til Cupar og treningsleir som laget deltek på må laget betale sjølve. Dette kan finansierast via eigenandeler, dugnader og støtte som laget sørger for å skaffa sjølve. Dette skal førast i laget sitt rekneskap. (ein lagar eige budsjett ved større turnering)
 - Klubben betaler påmeldingsavgift for ein (1) Cup som laget deltek på. Fakturaen sendes regnskapssekretær som vil betale den eller refundere den til laget.
- ❖ Klubben betaler dommar, dommarrekningar vert sendt økonomiansvarleg/regnskapssekretær direkte og vert utbetalt direkte til dommaren. Kostnaden blir bokført på respektive avdeling.
- ❖ Laga kan fritt organisere dugnad for å få inn meir inntekter til laget.
- ❖ Eventuelle kontantinntekter fra kiosksalg, loddsalg mv. skal alltid telles opp av to personer, og oppgjørsskjema fylles ut og signeres av to personer før pengene settes inn på konto (innleveres til banken).
- ❖ Sponsoravtaler kan ikkje inngåast av laga sjølve, men må inngåast i samarbeid med dagleg leiar i klubben. Støtte/tilskot av mindre beløp til laga er ok.

INFORMASJON / KOMMUNIKASJON

Stord Fotball nyttar nettsida si for generell informasjon om drift av klubben. Som medlem i klubben vil du her finna oversikt over organisasjonen, roller, vedtekter, sportsplanar og anna informasjon ihht Kvalitetsklubb.

Stord Fotball si FB side vert nytta til å informera om nye aktivitetar og informere ut om kampaktivitetar som pågår i suket.

Møter i klubben;

Styremøter – månadleg

Hovudutval Sport – komite møter + møter innan dei ulike gruppene med trenarane som tilhører (Barn & Ungdom, Damer, Herrer)

- Gjennomgang av sportsplan med trenarane – oppfølging av at denne blir fulgt.
- Oversikt over kompetanse i trenargruppa – oppfordre/planlegg kursing/videreutdanning

Lagleiarmøter – informasjonsmøte for lagleiarar, der ein informerer om alt frå økonomi/budsjett til bruk av Spoortz ved kamp, kurs, cupar og dugnader.

FB gruppe for lagleiarar/trenarar – for utsending av diverse informasjon fra administrasjonen.

REKRUTTERING

Stord Fotball sitt rekrutteringsområde er Leirvik og Langeland, og potensielle spelarar soknar til desse skulane:

- ❖ Langeland skule
- ❖ Leirvik skule

Rekruttering av spelarar til Stord fotball foregår på følgjande måtar:

- ❖ I juni månad vert seksåringane i barnehagane invitert til Vikahaugane for «Leik med ball». Administrasjonen har ansvar for gjennomføringa av dette.
- ❖ Siste torsdag i august vert 1. klassingane ved Leirvik og Langeland skule invitert til ei treningsøkt på Vikahaugane. Administrasjonen organiserer denne økta i lag med evt. nye trenarar for laga. Samtidig som treninga pågår samlar ein foreldra til møte, der rekrutteringsansvarlege informerer om Stord fotball, og ein hjelper dei i gong med å danna fotballag.
- ❖ Invitasjon til treningsøkta vert lagt ut og delt på Facebook, og rekrutteringsansvarleg kontaktar ein forelder på kvar skule og spør om dei kan leggja ut på Facebook sida til klassane.
- ❖ Dette er eit likeverdig tilbudet til alle barn i årskullet uavhengig av funksjonsevne, etnisitet eller betalingsevne. I distriktet har Solid IL starta Stjernelag der dei med større nedsatt funksjonsevne får eit tilbod. Stord Fotball har oppretta eit fond som skal hjelpe born frå familar med nedsatt betalingsevne
- ❖ Informasjon om Stord fotball vert lagt ut på heimesida til Stord fotball, og på klubbens Facebook side.
- ❖ Som eit ledd i rekrutteringa av jenter til fotballen, har Stord fotball eit eige opplegg for jentene som vert kalla «Jenteløftet».
- ❖ Sportsleg utval deltek på ei treningsøkt når laga er komne i gang. Dette for å sikre at trenar og lagleiar team fungerer og for å gi informasjon om det er behov for det.

UTDANNING / KOMPETANSE

Stord Fotball skal for sine trenrarar og leiarar følgja utdanningskrava som ligg i Kvalitetsklubb. Der er det klare retningslinjer på krava til trenarane innanfor dei ulike årsklassane og ikkje minst krav til leiarkurs for administrasjon og styre i klubben.

Stord Fotball har ein egen utdanningsansvarleg som vil leggja til rette og informera om kurstilbodet frå kretsen. Nokre kurs vil bli arrangert av eigen klubb, nokre kurs lokalt i lag med dei andre klubbane i Sunnhordland (Stord/Solid/Bremnes/Fitjar/Trott). I tillegg vil det og vera kurs som blir arrangert av kretsen i Bergen.

Sportsleg utval Barn & Ungdom skal ha oversikt over trenrarar og kva utdanning dei har og følgja opp at me til ei kvar tid held kravet som ligg i Kvalitetsklubb konseptet. Utdanningsansvarleg har tett dialog med sportsleg utval.

Tilbod om kurs vil bli lagt ut på heimesida til Stord Fotball.

Sportsleg Utval har ansvar for å melda opp kandidatar til vidaregåande trenarkurs (utover krava i Kvalitetsklubb konseptet). Dette er kurs som må godkjennast av styret då dette har ei større økonomisk ramme.

ÅRSHJUL / AKTIVITETSKALENDER

Årshjulet vårt viser eit bilet av aktivitetane og oppgåvene våre gjennom fotballåret. <https://www.stordfotball.no/portal/arego/club/241/contentcategory/948545860>

UTMERKINGAR

Følgjande utmerkingar er felles for alle undergruppene i Stord Idrettslag;

Æresmedlemmer

Hedersmerke Gull

Hedersmerke Sølv

Hedersmerke Bronse

Hedersmerke blir tildelt medlemmer som over lang tid har utført frivillige oppgaver for laget sitt eller andre oppgaver for Stord Fotball.

Før årsmøtet i Hovudlaget skal Stord Fotball sitt styre nominere kandidatar til dei ulike hedersmerka i Stord Idrettslag. Denne lista skal så sendast til merke utvalet i Stord Idrettslag for gjennomgang og godkjenning.

Merke + blomar vert utdelt på årsmøtet til Hovudlaget, som går av stabelen i mars/april.

Dei som skal motta merke må oppmodast om å stilla på årsmøtet til Hovudlaget til utdelinga.